

REFERAT FRÅ ÅRSMØTE I SOKNET

Hareid bedehus søndag 13.mars kl.12.30

Om lag 45 mennesker var samla til middag og årsmøte. (brennsnut kr.100,- inkl.kaffi og kaker)

Årsmøte

- Val av ordstyrar; leiar i soknerådet Hege Tretnes var valt.
- Val av referent; kyrkjeverja vart valt til det.

Leiar gjekk gjennom årsmeldingane som har vore ute til offentleg ettersyn sidan 19.februar.

Ho trekte fram nokre punkt frå kvar melding, og samanlikna litt med tidlegare år. Nokre kommentarar til arbeidet kom fram, men ingen store innvendingar på nokon ting.

Årsmeldinga vart teke til vitande.

Kyrkjevare Jan Erik Hovland presenterte det foreløpige rekneskapet for 2015.

Nokre kommentarar og spørsmål kom fram, og nokre var urolige over økonomien inn i framtida når det vert enda tydeligare skilje mellom kyrkje og stat.

Rekneskapet vart teke til vitande.

Tema til samtale på årsmøtet var det nye visjonsdokumentet. Fungerande kyrkjeverje Barbro Østrem innleia til samtale kring dette. Alle underutvala sine konkretiseringar til dei ulike punkta låg på borda, og det vart samtale i grupper rundt borda etter innleiinga.

Forslag som kom fram i plenum var dette:

- "Gatekyrkje" i Hareid. Soknet bør vere synlege ute under for eksempel opplev Hareid i starten av juli. Servere kaffi og ein god prat med folk.
- "Bibelgruppe" Samtale kring komande søndag sin preiketekst
- Søndagstur i fellesskap etter gudstenester der det er born i trusopplæringa med.
- Kulturkveld på bedehus eller kyrkje
- 500 års markering av Luther. Korleis bruke dette? Temakvelder, i gudstenesta, undervisning
- Kurs til unge foreldre om korleis formidle tru til born
- Andre fellesskap utanom gudsteneste; Alpakurs, samtalegrupper,
- Arbeid retta mot innvandrarar/asylantar
- Friluftsgudsteneste på Leira i Hjørungavåg.

Barbro Østrem

ref.